

Fra: jofu@jofu.net
Sendt: 26. mai 2015 16:31
Til: Postmottak KUD
Emne: Høringsuttalelse (Ref 15/1432) – forslag om endringer i helligdagsloven for å tillate søndagsåpne butikker

Jon Furholt

jofu@jofu.net

Villa Gräpling, Fossilvegen 2B, 0198 OSLO

Som eit svar på høyring på søndagsopne butikkar ønskjer eg å kome med følgjande innspel:

1. Velfungerande samfunn har institusjonar som foreinar i staden for å splitte opp. Di meir desse institusjonane er mogleggjerande i staden for avgrensande for menneskers liv, dannar vi grobotn for betre samspel på tvers av ulike delar av samfunnet. Éin av desse institusjonane er at søndagen er ein generell og allmenn fridag.

I saka om søndagsopne butikkar står vi overfor eit val mellom det som har blitt presentert som valfridomen til å handle og til å arbeide når ein vil og ein felles fridom til å gjere ting saman. Å forstår fridom som individuell og partikulære val, er for det fyrste eit svært fattig fridomsomgrep, og det har heller ikkje støtte i forskning på kva som gjer oss lykkelege og kjenner oss frie. Ingen ting tyder på at talet på val aukar kjensla av fridom. Derimot er kollektive løysingar som ikkje tvinger, men som berre mogleggjer, openbert eit gode for folk. Det gjev rom for kollektive, stabile og integrerande fridomar.

Søndagsstengde butikkar er i veldig liten grad ei avgrensing av folks individuelle valfridom, men i stor grad grunnlag for institusjonalisert og kollektiv fridom.

2. Vi har allereie eit stort problem med materielt forbruk, og veldig mykje tyder på at auka tilgang fører til auka forbruk. Viss det skal vere innanfor rekkevidde å kutte utslipp og skape eit meir bærekraftig forbruk vil vi måtte leggje til rette for minst mogleg auke.

Søndagsopne butikkar motverkar dette.

3. I ei tid der arbeidsrettar blir stadig uthøla, og der individuelle ordningar stadig tar over for kollektive løysingar er det grunn til å tenkje at søndagsopne butikkar på sikt vil leggje eit press på arbeidstakarane som gruppe, sjølv om dette ikkje var åsikta.

4. Politikk som skal kome folk til gode har berre meining for folk dersom dei faktisk ønskjer det. Vi er i ein veldig interessant situasjon der korkje folk, arbeidstakar- og arbeidsgjevarorganisasjonar eller næringa ønskjer søndagsopne butikkar. Det vil vere ein misforstått «fridoms»-reform å påtvinge ei ordning på eit samfunn som ikkje ønskjer det.

5. Eg ønskjer ei framtid der det er naturleg å ha felles tid med mine framtidige born, og er oppriktig uroa for at søndagsopne butikkar medverkar til å øydeleggje denne tida.

Eg ønskjer ikkje søndagsopne butikkar, og vonar de vil trekkje forslaget.

mvh

Jon Furholt